



God stemning og fornøgte deltakere!

Onsdag kveld vart det tredje rennet i langrennskarusellen avvikla. Denne gongen var skisenteret i Tveitedalen arena, og det var idrettslaget Ternen som var arrangør. Det var både barneskirenn og konkurranseklasse. Rennet gjekk i fristil og føregjekk med fellesstart.

Det var rundt 20 deltakere frå Uskedal idrettslag i konkurranseklassen. Desse sikra til saman 7 klassesigrar i rennet som føregjekk i litt surt ver. Derimot vert det meldt om topp føreforhold.

I tillegg til dei som gjekk i konkurranseklassen hadde også Uskedalen fornøgte deltakere i barnerenet. Biletet over viser to av dei fornøgte 'vinnarane' i dette rennet, Isak Soltveit Taranger og Linnea Myklebust Ripel.

Fullstendig resultatliste finn de på [UIL si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel